

både 1-0 og 2-1 i første omgang, men Åkra slapp lett til, og til pause stod det 2-3.

- Vi slipper inn to latterlige, passive mål i første omgang,

men trener Harry Damsgård.

Etter pause var Klepp det klart beste laget. I tur og orden sørget Runar Andersen, Erik Hatteland og Stian Bore for en tre kjær-

komne poeng. Bore scoring var et lompeskudd som Åkras keeper trolig hadde mareritt om natt til tirsdag.

- Dette var en veldig viktig seier. Vi spilte på oss selvtillit og

vi fikk en luke ned til Hundvåg. Det var gildt å se at vi står fram i andre omgang, sier Damsgård, som ikke vil høre snakk om at det «bare» er åtte poeng opp til Frøyland nå.

Klepps neste kamp er hjemme mot Vardeneset fredag 1. august.

#### Poeng Klepp:

Runar Andersen .....	3
Leif V. Malmin .....	2
Stian Bore .....	1

## Bygdeutvikling på topp

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling i Klepp er flinkast i klassen til å henta penger frå marknaden.

**KRISTINE M. STENSLAND** | tekst  
kristine@jbl.no

**UTDANNING:** - Me lever av forskingsoppdraga våre, seier Dag Jørund Lønning, rektor og professor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB)

HLB er den skulen på landsbasis som hentar mest pengar frå den private oppdragsmarknaden fordelt på faglege årsverk. Dette går fram av ein indikator hjå Kunnskapsdepartementet.

### Tungt fagmiljø

- Me har satsa på eit tungt fagmiljø innanfor eit avgrensa område, seier Lønning.

Inntektene frå forskingsprosjekta utgjer 621.000 kroner per faglege årsverk. Skulen som kjem på andreplass på indikatoren, Samisk høgskule, har ein tilsvarende sum på 335.000 kroner.

### Sjølvtende

- Om me hadde fått meir statleg støtte, ville det ha vore enklare å tenka langsiktig. Men modellen vår gjer at det er oss sjølve som sit med makta. Me kan styra utviklinga, og me treng ikkje vera del av offentlege omstruktureringar.

Lønning fortel at skulen får

2,5-3 millionar kroner over statsbudsjettet kvart år.

- Dei samla inntektene våre er nærare 10 millionar. Utviklinga har vore svært god dei siste åra.

Av prosjekt nemner han mellom anna Jærsmia og eit samarbeidsprosjekt med kommunane i Jærrådet.

- Begge desse er forum for dialog om arealbruk. Jærsmia er finansiert av private aktørar, medan samarbeidet med Jærrådet får pengar frå departementet.

### Gode karakterar

Indikatoren frå Kunnskapsdepartementet viser også at HLB for tredje år på rad har dei beste resultatane på bachelornivå. 25,5 prosent



**REKTOR:** Dag Jørund Lønning meiner det er ei føremon å vera ein liten skule. (Foto: HLB)

av studentane fekk A og 44,3 prosent fekk nest beste karakter, B.

- Me har ein god del eldre, erfarne studentar og gode forelesarar. Eg trur dette bidreg til dei resultatane. Dessutan er det ei føre-

mon å vera liten på denne statistikken.

Ifølgje rektoren har skulen konkrete planar om å utvida tilbodet slik at det også blir mogleg å ta ein mastergrad.

TIME  SPAREBANK

Snakk med oss om langtidssparing

En alliansebank i eika.